

Preses Olav Fykse Tveit

Helsing ved avskjed med biskop Solveig Margrete Fiske som Hamar biskop.

Hamar domkyrkje, sundag 23. oktober 2022

Når du, Solveig Margrete Fiske i dag avsluttar di teneste som biskop ved oppnådd aldersgrense, er det ein lang og innhaldsrik innsats for Hamar bispedømme og for heile Den norske kyrkja som vi markerer og uttrykkjer vår store respekt og takk for.

Biskop Solveig Fiske har vore ei søyle i kyrkja vår. Vi vil merke at denne perioden tek slutt. Det har vore mange gonger du har hatt handa på rattet og styrt godt og stødig. Det gjeld på vegane underveis til eit møte eller ein visitas i bispedømmet, eller det gjeld som leiar i bispedømmet og i kyrkja vår.

Dette er ei bispegjerning som har vore utført med eit sterkt og breitt engasjement for folkekyrkja vår. Det har kome til uttrykk på svært mange måtar, kanskje mange fleire måtar enn vi alle er klar over.

Du har vist kva det vil seie at vi er *ei opa folkekyrkje*, og gjeve mange både tru på og gode opplevingar av at det er sant. Dette har vore forankra i eit evangelisk-luthersk kyrkjeprogram. Du har fornya det inn i vår tid. Du har formidla evangeliets frigjerande kraft for den enkelte, og kallet til teneste for at andre skal kjenne seg sett, bekrefta og frigjort av evangeliet. Dette har gitt seg utslag i mange sterke bidrag til viktige initiativ for oppreising og rettferd i møte med livets tragedier, i undertrykking og kjønnsbasert vald, men også i internasjonalt engasjement for rettferd og fred – og mykje meir.

Først og fremst har du arbeidd med evangelisk folkekyrkjevisjon lokalt og nasjonalt. Den nære relasjon og kjennskap til alle sokn og i bispedømmet, med alle kyrkjebygg og deira spesielle profil og kvalitetar, har peika langt utover biskopens formelle tilsyn. Det har

kome til uttrykk i eit særdeles aktivt tilsyn i form av omsorg, inspirasjon og rettleiing. Du har vist at du er stolt over bispedømmet ditt og alle verdiar det representerer for folk i denne regionen og for Den norske kyrkja som eit større fellesskap.

Det har også kome til uttrykk i engasjement for korleis kyrkja må ha liturgiar, tekstar, formuleringar og praksisar som er tydelege og gjenkjennelege. Du har halde fram at vi er *ei vedkjennande folkekyrkje*, som vedkjenner trua på den treeinige Gud, og at det gir oss både styrke og frimod til å formidle eit godt budskap til alle. Du har også vore den som har minna oss på at alle Bispemøter skal slutte med at vi saman sier fram den apostoliske truedkjenningsa.

Du har ikkje vore redd for å stå i både diskusjonar og om nødvendig konfliktar, for at andre skal få kjenne at kyrkja verkeleg vil dei vel og står på deira side, men også at ho står opp mot urett og svik.

Alt dette er gjort med evne til å engasjere seg i og for den enkelte. Det gjeld ikkje minst som leiar for prestane, men også for andre medarbeidarar og menneske du møter i di gjerning.

Du har vist korleis kvinner i leiarroller kan og vil bidra til endringar som styrkjer kvinners stilling og frimod til å fylle oppgåver i kyrkja, og vore ein inspirasjon og førebilete for mange.

Du har også vist at alle kan få vere med og oppleve seg som del av ei opa og *tenande folkekyrkje*, der det er bruk for oss slik vi er og som den vi er i tenesta med å formidle evangeliets budskap til alle.

Slik har du vist at i at vi også er *ei misjonerande folkekyrkje*, i den lokale samanheng og i den store verda. Det er ei rolle der kyrkja ikkje kuar nokon, og viser respekt for alle, men søker å nå ut til alle med evangeliets gode budskap om Guds kjærleik til oss menneske - og til heile skaparverket.

Du har halde fram korleis bøna er eit pulsslag i kyrkjas liv, og at bøna kan gi oss ein god kvilepuls, både fysisk og åndeleg.

No ønskjer vi deg alt godt, og ber om at Gud vil velsigne denne overgangen i ditt og din families liv. Vi går inn i vår dåpspakt og vidare på vår pilegrimsferd med orda i Salme 121:

*Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.*